



KORLEIS PÅVERKA: Kvelden skulle handla om korleis ein kan påverka utbyggingsprosessar, men det vart mange hjertesukk om «tingenes tilstand».



SLAKT: Aksjonist og stadsutviklingsrådgjevar Erling Okkenhaug provoserte og begeistra med å slakta Os Sjøfront.



REAGERTE: Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Aina Tjosås, reagerte på Okkenhaugs kritiske syn på Os.

Os Sjøfront:

– Sjøfle bygg midt i indrefiletet

– Vil de verkeleg fortetta indrefiletet i bygda med sjofle bygg, spurte aksjonist Erling Okkenhaug og viste bilete av Os Sjøfront.

Stadsutviklingsrådgjevar og aksjonist Erling Okkenhaug heldt saman med Fortidsminneforeningens Trond Rødsmoen torsdag kveld seminar i TUNET om korleis vanlege folk kan driva effektiv påverknad i utbyggingsaker.

Okkenhaug starta med å visa bilete av arkitektoniske «skrekkeksempel» og avslutta sin lysbilde-serie med Os Sjøfront.

– Desse bygga er aldeles forfeila. Vil de verkeleg gjera dette ein gong til, sa Okkenhaug og viste til utbyggingskisser for Finnebrekka og Steinneset.

Han etterlyste ein heilskapleg kommunal plan for byutvikling som private utbyggjarar må føya seg etter.

Ansvar for elendet

Ikkje uventa vekte utsegnene både provokasjon og begeistring.

– Her i Os nyttar det ikkje å protestera. Alt er bestemt frå før, sa Olaug Tvedt Keys, kjend frå Bevar Fjellheim.

– Jaja, eg får svara på det sidan det

er eg som har ansvar for elendet, sukka kommunalsjef for samfunnsutvikling, Aina Tjosås, og reiste seg.

– Eg vert provosert av ditt fokus på feil og manglar. Kan du ikkje heller visa eksempel på god arkitektur, sa Tjosås irritert og heldt fram.

– Ja, vi har bygd feil i Os. Ja, nokre bygg er stygge. Ja, vi har rive bygg vi ikkje skulle ha rive.

– Men når det gjeld Steinneset og Finnebrekka, har vi gjentekne gonger prøvd å få fram andre alternativ enn den stilen på «sjøfronten», men de vil ikkje høyra, sa Tjosås oppgitt.

Planar frå 1800-talet

Som eit apropos til Okkenhaugs etterlysning av langsiktige kommunale planar, la ho til at alt i Os sentrum er rett i forhold til kva lokalpolitikarane på slutten av 1800-talet drøymde om.

– Det er fint at du etterspør døme på vellukka arkitektur, for det er nettopp det eg skal visa no, svara Okkenhaug og viste bilete frå Kristiansand, Lund i Sverige og Larvik.

Arkitektane bak sistnemnde hamn, Eriksen Skajaa, er forresten ein av tre arkitektur som har skissert Steinneset i den såkalla moglegheitsstudien.

– Slike moglegheitsstudier er farlege. Brått er dei realiserte, så her må ein fyl-

gja godt med og ikkje kvila, sa Okkenhaug.

Vekst føre vern

Nyvald leiार for Bjørnafjorden Arbeidarparti, Trine Lindborg, etterlyste politiske føringar for kva byggeskikk ein ynskjer seg i sentrum.

– Det finst ingen slike føringar i dag, men det burde vi hatt, sa ho.

Også Siren Tømmerbakke frå Bjørnafjorden Senterparti gav uttrykk for ein viss frustrasjon.

– Vekst går alltid føre vern. Når Senterpartipolitikarane kjempar mot fortetting og politiske føringar om ein enorm folkevekst, vert vi karakterisert som miljøfiendtlige. Vi vert «sette på plass» med spørsmål av typen: «Skal vi heller byggja på matjord?». Det er som å stanga hovudet i veggen, sa Tømmerbakke som vedgjekk at ho uttalte seg med ei «dagen derpå»-kjensle, etter at kommunestyret vedtok å selja Fjellheim-tomta.

Kom tidleg på bana!

Trond Rødsmoen frå Fortidsminneforeningen underviste om formalitetane i ein byggeprosess.

Hans soleklare råd var å koma på bana alt når ein ser ei annonse i avisa om «varsel om igangsetjing av reguleringsarbeid».

– Hugs at det er lov å ta kontakt med både politikarar og utbyggjarar, oppmoda han.

– Det største problemet i slike saker er språket, meinte Okkenhaug.

– Terminologien i byggeprosessar går over hovudet på folk. Ofte skjønar ein ikkje kva ein har sagt ja til før det er for seint.

Hjertesukk på begge sider

Kvelden romma ein god del hjertesukk frå ulike sider i utbyggings-debatten. Partane verka heller ikkje å koma noko nærmare kvarandre etter møtet.

– Men eit slikt møte skapar alliansar. Når folk som meiner det same vert førte saman, vert dei sterkare, sa Rødsmoen.

Okkenhaug oppmoda tilhøyrarane til å vakta Os-sjela og ta vare på det unike for bygda.

– Lag motforslag. Når de ikkje er samde med eit arkitektskisse, så vis korleis det heller kan bli. Kom saman i plansmier og presenter eit konstruktivt alternativ.

– Det gjeld å ikkje gi seg, sa Okkenhaug til slutt.

► **Anne Marie Aarøen Vangsnes**

anne-marie@osogfusa.no